

## Telenorrennet under gode kveldsforhold.

11.03.2016



Mange talent i løypa.

Torsdag kveld vart telenorrennet arrangert i Fjellhaugen skisenter. Det vvar perfekte forhold og svært god stemning før, under og etter rennet. Til saman rundt 70 deltakarar, av desse vel 20 frå UIL, gjekk på tid. I tillegg kjem dei yngste som deltok i barneskirennet. Uskedal idrettslag var arrangør av rennet.



Frå starten av barnerenet.

Telenorrennet er kome i stand som eit samarbeid mellom Norges skiforbund og Telenor, og Uskedal idrettslag er ein av mange lokale arrangørar rundt i landet. Etter rennet vart det delt ut flotte premiar til alle deltakarane, og desse var sponsa av Telenor.

Gårdagens renn i Fjellhaugen var eit sprintrenn i fristil der løypa var ca 800 meter. Alle løparane gjekk først prolog. Den talde som det tredje rennet i årets langrannskarusell, og det var både høgt tempo, god innsats og godt humør. [Resultata frå prologen finn de ved å klikka her.](#)

Etter prologen var det mellomheat for dei ulike aldersklassane som var 11 år og eldre før det heile vart avlutta med spennande finalar. I finalane var det lagt inn eit handicap-opplegg der ein fekk starttillegg utfrå tidene i prologen. Dette gav mange flotte duellar og unge og eldre kjempa side om side. Det gav også som resultat at 12 åringen Eirik Steinsvik frå OIL sigra i gute-/herrefinalen medan seniorane kom langt nede på lista. 14 åringen Hanna Tvilde frå UIL og 12 åringen Julie Ersland frå Ternen delte førsteplassen i jente-/damefinalen. [Resultata frå heata og finalane finn de her.](#)

Arrangørane rapporterer om svært god innsats og veldig koseleg kveldsstemming i Fjellhaugen. Dei hadde fyrt opp bålpanne så rundt den kunne ein både grilla og varma seg. Arrangørane vil takka alle som hjelpte til med arrangementet. [Og her her finn de fleire bilete frå rennet.](#)

Allereie på søndag er det klart for nytt renn for langrennsløparane frå Kvinnherad. Då går Kvinnheradsmeisterskapet av stabelen, og ein kan [melda seg på ved å klikka seg inn her.](#)



Kos rundt bålpanna.



Eit flott knippe løparar.



Flinke Uskedalsjenter.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel